



## Notat

Dato: 20.04.2017  
Arkivsak: 2015/11453-84  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Forslag til sakkunnige for fagskuleutdanningar det vert søkt NOKUT-godkjenning for**

Fagskolen i Hordaland sende søknad til NOKUT om fagskuleutdanningane CNC og robotteknologi og Lokal matkultur innan fristen 1. mars 2017. Av brev mottatt 5. april og 7. april kjem det fram at NOKUT har oppnemnt forslag til sakkunnig komité (sjå vedlegga).

Vidare skriv NOKUT at det er nokre tilhøve ved dei styrande dokumenta som må rettast opp før NOKUT kan godkjenne utdanningane. Likevel vert søknadene sendt vidare til sakkunnig komité og Fagskolen i Hordaland har høve til å rette opp tilhøva ved dei styrande dokumenta. Det som må rettast opp, er feil i forskrifta som har vore på høyring og endringar i instruks for den lokale klagenemnda.

NOKUT sine kommentarar i høve til forskrifta for Fagskolane i Hordaland er tekne med i sakshandsaminga av forskrifta etter høyringa. Endring av instruks for lokal klagenemnd kjem i eiga sak.